

Program for Øygarden Venstre 2023–2027

# Venstre tar Øygarden framover.



**Venstre er Noregs sosialliberale parti. Målet vårt er å skapa eit varmt og raust samfunn der alle blir gitt moglegheiter og har fridom til å bestemma over eige liv.**

**Eit samfunn der alle får verkeleggjort sine evner og kan bidra. Der du kan leva eit godt liv uansett kva livsfase du er i.**

## **Nysgjerrig på Venstre?**

Du finn meir om valgkampsakene og kandidatane våre på [oygarden.venstre.no](https://oygarden.venstre.no)



## Borna er framtida vår!

Vi må sikre at alle born har trygge og gode oppoppvekstvilkår; gode og motiverte lærarar og godt fungerande skulebygg.

Lærarane og andre fagfolk som er tett på born, må lyttast til.

Det seiest at ein god barndom varer heile livet. Barn treng omsorg og tryggleik. Dei treng å bli kjende med andre barn og forstå samspelet med andre menneske. Dei treng leik og glede. Dei treng å læra seg gode haldningar overfor seg sjølv og andre. Dei treng også kunnskap og motivasjon som gir dei høva til å utvikla si eiga framtid.

Venstre trur på gode barnehagar og skular der fagfolk og foreldre har større fridom til å tilrettelegge og forme undervisninga rundt det kvart einskild barn og lokalmiljø treng.

Øygarden Venstre vil:

- Satse på lærarane og styrke deira arbeidskvardag og gje dei gode løns- og arbeidsvilkår.
- At alle barn og unge skal få tilstrekkeleg symjeundervisning.
- Arbeid for å styrkja skulehelsetenesta.
- Gi barn og unge tilgang på aktivitets- og kulturtilbod i heile kommunen.
- At kommunen skal gjennomføra prøveordning med kveldsbarnehage. Det må finnast barnehagetilbod som er tilpassa fleire familiesituasjonar enn i dag.
- Ha fleksibelt barnehageopptak gjennom heile året.

## Eit kunnskapsrikt, grønt og mangfaldig øysamfunn

Venstre ser samanhangen mellom dei ulike utfordringane og moglegheitene i lokalsamfunnet. Målet vårt er å vera ein kommune i vekst, med gode vilkår for å bu og leva, heile livet.

Øygarden skal vera ein føregangskommune for grøn næringsutvikling. Kunnskap skal utviklast gjennom heile livet og bidra til å løysa utfordringar me står overfor.

Øygarden Venstre vil::

- Ha ein kommune der alle kjenner seg inkludert og får høve til å utfalda seg. Det skal vera like moglegheiter og opplevd fridom for alle, uavhengig av kjønn og kjønnsorientering, funksjonsevne, etnisitet, alder og religion.
- Øygarden skal ha gode ordningar for gjenbruk og kjeldesortering slik at alle ressursar blir utnytta mest mogleg. Øydelagde ting skal reparerast eller givast nytt liv.
- Leggja til rette for meir sambruk, der private, lag og foreiningar og bedrifter kan dela på lokale eller ting som kan brukast av fleire.
- Kommunen skal legge til rette for at fleire lukkast.

# Næringsliv

For Venstre handlar næringspolitikk om å gi høve til å utvikla nye idear og skapa arbeidsplassar. Både nye og etablerte verksemder er viktige for å skape verdier i kommunen vår.

Fleirtalet av arbeidstakarar er tilsett i små bedrifter. Det gir Øygarden fleire bein å stå på. Det er viktig at det er lett å starta og driva ei verksemd i Øygarden.

Me ønskjer at vegen frå ide til ei inntektsgivande bedrift skal vera så kort som mogeleg. Kommunen skal leggje til rette for at fleire lukkast.

Øygarden Venstre vil:

- Vurdere å dele opp anbud i mindre kontrakter slik at fleire lokale bedrifter kan delta i anbudskonkurranse.
- Legge til rette for etablering av stadsuavhengige arbeidsplassar.
- I Øygarden skal me vere teknologiglade og kreative.
- Kommunen må vere ein aktiv brukar av reserverte og inkluderande kontraktar, til dømes er det sjølvsagt å bruke Trigger.
- Sjå til at kommunen spelar på lag med det lokale næringslivet - både det veletablerte og det nye.
- Øygarden kommune som fyrstårn må vere med i Samanslutnings av Kyst- og fjordkommunar.

## Demokrati og desentralisering

Alle skal ha rett til medeigarskap i politiske prosessar og avgjerder. Innbyggjarane skal bli høyrde og takast på alvor når avgjerder skal takast, og dessutan kunne fremja egne initiativ. Det skal i stor grad leggjast til rette for innspel frå innbyggjarane, s til dømes vera gjennom opne råds- og utvalsmøte og innspelsundersøkingar.

Det skal alltid søkjast etter best mogleg kunnskapsgrunnlag for politiske avgjerder og utforming av tenestene i kommunen.

Øygarden Venstre vil:

- At det skal bli lettare for personar i alle livsfasar å delta i lokaldemokratiet.
- Ha jamlege brukarundersøkingar av kommunale tenester.
- Ha 16-årsgrense for stemmerett i lokalvalet.
- Ha den politiske leiinga i kommunen ut og møte innbyggjarane minst ein gong i månaden på faste plassar til faste tider, til dømes på biblioteka.



FOTO: Karl Østerwold Tøft

## Klima og miljø

Øygarden er ein kommune med vill og vakker natur. Naturen har me arva, men me har også eit ansvar for å gi den vidare til dei neste generasjonane. Natur som er robust, men likevel sårbar. Sårbar for klimaendringar, forsøpling og utbygging. Naturen gir oss mykje me kan hausta, men skal forvaltast ansvarleg.

Øygarden Venstre vil:

- Stille klima- og miljøkrav ved alle nye offentlege innkjøp og ved utbygging.
- Viktige natur- og rekreasjonsområde og matjord i Øygarden i stor grad skal skjermast for utbygging.
- Kommunen skal helst velje nullutsleppskøyretøy når det skal kjøpast nytt..
- Ha ambisiøse mål for å kutta klimagassutslepp. Kommunen skal ta initiativ til samtalar og samarbeid med næringslivet.
- Kommunale bygg skal energieffektiviseres ved nybygg eller ved rehabilitering.
- Det skal utarbeides en kommunal plan for godt dyrehald i Øygarden.
- Kommunen skal arbeide for utbedring av linjenettet.
- Investera i lokal produksjon av energi, t.d. solcellepanel på kommunale bygg.
- Vere pådrivar for å ta i bruk nye energikjelder saman med lokalt næringsliv.
- Kommunen skal i større grad legg vekt på gjenbruk før ein gjer nyinnkjøp.
- Halda oppe fokus på marin forsøpling.
- Bygningar som ikkje lenger blir brukte av kommunen ikkje skal stå til nedfalls, men kunne kome lokalsamfunna til nytte på andre måtar



## Helse og omsorg

Dei som treng hjelp skal vere trygge på at dei får den hjelpa dei treng når dei treng det. Me må rigge kommunen slik at me er i stand til å tilby våre innbyggjarar omsorg og den kompetansen som trengs for at alle skal ha eit godt liv.

Øygarden Venstre vil:

- Ha ei moderne og valfri eldreomsorg og ta i bruk teknologi som bidreg til betre og individuelt tilpassa tilbod.
- Halda terapibassenga opne då dei er viktige helsetilbod i kommunen.
- At det blir bygd tilstrekkeleg sjukeheimplassar for både korte og lengre opphald. Det er også viktig med tilstrekkeleg med avlastingstilbod.
- At kommunale tilbod som fysioterapi og ergoterapi må ha så kort ventetid som mogleg.
- Styrke psykisk helse- og rustilboda i kommunen.
- At tryggleiksalarmar bør bli gratis for alle tenestemottakare.
- Styrke heimetenestene i takt med utviklinga framover i tid.
- Opne for at også private tilbydarar av helse- og omsorgstenester kan etablere seg i Øygarden.
- Arbeide for at helseforetakene aukar ambulanseberedskapen.
- At kommunen skal ha eit langtidsperspektiv på kva helsetenester ein treng i framtida.



## Kultur og frivilligheit

Frivilligheita og kulturlivet er viktig for samhaldet og for lokalsamfunnet. Kommunen skal vera ein aktiv tilretteleggjer for å fremja frivilligheita. Både gjennom direkte midlar, men også stille lokale tilgjengeleg og låna ut utstyr.

Øygarden Venstre vil:

- At kommunen gir støtte til kulturtilbod som fremjar inkludering og integrering.
- Gjera fleire kommunale lokale tilgjengeleg for frivilligheita. Desse skal i størst mogleg grad vera vederlagsfritt å låna.
- Styrkja utlånsordningane for utstyr til idrett, leik og friluftsliv. Me ønskjer også fleire stader der ein kan låna utstyr til aktivitet.
- Bidra til skiping av livssynsnøytrale seremonilokale i Øygarden.
- Ha fleire tilrettelagde turstiar og tilgang til sjø for dei som er rørslehemma.
- Støtte turlaga, bedre merking, rydding/vedlikehold.
- Ha ein språkplan for Øygarden på plass i perioden.

# Bustadpolitikk

Øygarden skal vere ein god og trygg kommune å bu i som legg til rette for at det innbyggjarane får bu der dei ønskjer.

Øygarden Venstre vil:

- At ventelistene på kommunale bustader blir reduserte.
- At det blir bygd fleire tilrettelagde bustader i nærleiken av kommunedelssentrene.
- At ein legg tilrette for klyngjetun i utkantane.
- At kommunen legg til rette for at det blir bygd fleire bustader som kan inngå i leie-til-eie, og dermed sikra fleire med låge inntekter høvet til å eiga eigen bustad.
- Ikkje innføra eigedomsskatt på private bustader.
- Boliger som kommunen leier ut til innbyggerne skal ha tilfredsstillende standard.
- Kommunen må ha tilstrekkeleg tilbod til mennesker med nedsett buevne.

## Infrastruktur og kollektivsatsing

Gong- og sykkelvegar til skulane må vere høgste prioritet. Det bør gå bussar så ofte at folk ser seg tente med å bruke kollektive løysingar..

Øygarden Venstre vil:

- Ha minibusser frå lokalsentrer som går kvar time til utkantane, i staden for store busser og få ruter. Sjå på moglegheita for bestillingstransport.
- Ha gul stripe, gang- og sykkelvei i heile kommunen.
- Leggja til rette for meir ladeinfrastruktur knytt til kollektivknutepunkt.
- At kollektivtransport skal vera eit reelt alternativ for fleire enn i dag.
- Byggja fleire pendlarparkering knytt til kollektivknutepunkta i kommunen.
- At trygge skulevegar skal vektleggjast høgt i val av kva vegar som skal utbetrast.
- Ha sykkelbur i tilknytning til kollektivknutepunkta.
- Jobba for båtrute til Flesland og Bergen.
- Ha kommunalt sjølvstyre ved eventuell etablering av vindkraft.
- Ha tilbake busstilbod fra Straume til Haukeland Sjukehus.
- Jobba for at gods skal fraktast på sjø, ikkje på vegane.

## Kommunen som arbeidsgjevar

Kommunen skal vera effektiv, men også ha tenester av høg kvalitet. Kommunen skal vera ein god og raus arbeidsgivar. Tilsette skal tilbydast stillingar det går an å leva av. Dei skal også kjenna fridom i arbeidet, meistring, meining og få nødvendig påfylling av kunnskap. Motiverte og fagleg oppdaterte arbeidarar gir kommunale tenester av høg kvalitet.

Øygarden Venstre vil:

- At Øygarden Kommune skal vera ein attraktiv arbeidsgivar som tiltrekkjer seg kompetente fagfolk.
- At hovudregel for tilsetjing i kommunen skal vera heiltid.
- At Øygarden Kommune skal vera ein raus arbeidsgivar som legg til rette for at flest mogleg kan stå i arbeid trass i sjukdom og skade.
- Leggja til rette for at seniorar kan stå lenger i arbeid dersom dei sjølv ønskjer det.
- At tilsette får vidareutvikla kompetansen sin gjennom vidareutdanning og kurs. Dette vil bidra til betre tenester og motiverte arbeidstakarar.
- Gi lønn til arbeidstakarar som tek etterutdanning innan kompetanseområde kommunen treng.
- Tilsette i kommunen skal få høve til å gjere seg godt kjent med kommunen dei arbeider i.



FOTO: Kari Østercold Toft

Øygarden Venstre sine kandidatar i 2023: 5. Per Magne Wilhlemsen, 2. Jarle Ones Thorstensen, 1. Elizabeth Toft Erichsen, 4. Rune Kobbeltvedt. 3. Brith Ediassen.



**VENSTRE**